

Døsa – Døsen (gnr. 19)

Døsini: Namn som opphavleg er den bundne form av d y s, steinrøys, liten gravhaug. I bygdemålet blir namnet ennå bøygt i dativ. Døme:

D ø s a namnet. Han kjøpte D ø s a, men han dyrka og bygde i D ø s e n. Skrivemåten av namnet har vore skiftande, men var som regel slik at det var godt kjenneleg.

Det er i Aslak Bolts jordebok frå kring 1450 vi først finn garden Døsen i Fåberg omhandla, og det er der namnet er skriva Døsini.

I 1614-15 var "Døssenn" vorte krongods, og det er da i Akershus Lensrekneskap vidare fortalt at Jon Olsen fekk 1. bygsel på "en rydningsplads kaldes Døssenn, som hittil har vært brukt under gården Hoff og nu er lagt i landskyld for 3 kalvskind". Med det same betalde den nye bygselaren 3 rd. I bygselpengar.

Fem år seinare finn ein garden ført i gruppa for "Ødegaarder", og det var framleis Joenn Døssenn" som var bygselar og brukar der. Det same var og tilfelle i 1626, og likeså i 1631-32.

"Jon Døsen" var enda brukar og bygselar av garden også i 1645. Det er da opplyst at han var gift, og at han svara den utskrivne ekstraskatten Kopskatten 1645 for kona si og seg sjølv med 1 mark i pengar. – Men 12 år seinare var det i 1657 "Erich Døsen" som hadde tatt over som bygselar og brukar. Samtidig er det og fortalt av buskapan hans der i Døsen var: 1 hest, 8 naut, 5 geiter, 3 sauer og 1 gris. I mannkjønnsmanntalet av 1665 er det elles vidare fortalt at med farsnamn heitte Erich egentlig Erich Iffursen Døsen, og han var da 46 år gamal.

År, 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Døsen" dessutan fortalt at garden framleis var "Kongens", og at landskylda da var høgda til ½ hud eller 6 skinn, men at den og kunne krevjast i 1 ½ besmerpund 4 merker smør. Buskapan av store husdyr var da 2 hestar og 8 naut, og korntienda vart utreidd med 1 tønne, som altså svara til ei årsavling på 10 tønner. Om garden og gardsbruket er det vidare oppgitt at enga, innmarka var "temmeleg goed", og at det var skog nok til gards bruk, og at garden alt da hadde seter og sommerbeite for krøtera på "Dødsetter", som truleg er ein lese- eller skrivefeil for Døsseter. Bygselar og brukar av garden var framleis Erich Iversen, som altså da var 49 år.

Men 14 år seinare var i 1682 husbonden Erich Iversen Døsen død, og det var arveskifte på "Døssen i Faaberg". Dette skiftet som det elles var foged Cort Coldevin sjølv som administrerte, er dessutan svært detaljert innført og gir mange opplysningar også av kulturhistorisk interesse. Det gjeld t.d. taksta på husdyr og inventar. Såleis vart da ein brun hest der taksert til 6 dlr., 1 "Sort schiud" (merr) til 3 dlr. Fleire kyr vart taksert for 3 dlr. kvar, ein kvit okse til 2 ½ dlr., og 6 sauer tilsaman for 2 dlr. Vidare vart 6 tønner korn verdsett til 9 dlr og 2 tønner byggmjøl til 3 dlr. Av inventaret vart ei stor jerngryte taksert til 2 dlr., "tache oc Ring" til 1 dlr., 1 liden Kaaber Kiedehl" til 3 ort, "1 Plouh Jern" til 1 ort. "1schindfeld 1 dlr., "1 Rye 2 dlr.", "1 benche dyne 1 dlr.". Dessutan vart 4 økser taksert for 2 ort, 1 sele for 1 ort og ei "hand qvern" for 12 skilling. – Ein merker seg og at avdøde Erich Døsen og hadde til gode pengar av fleire også i andre bygder, såleis t.d. 10 dlr. av Amund Tollersrud og 10 dlr. hos Siver Øfstedahl, men og 2 1/2 dlr. av Engebret Furu og 2 dlr. hos Axle Feiring og 4 ½ dlr. av Peder Hellerud. Det ser mest ut til at den avdøde husbonden Erich Døsen måtte ha drive med handel, men det er ingenstad fortalt. Tilslut minner vi her om at Erich Døsen i si brukartid heile tida hadde vore bygselar eller leigending under krona.

Året etter fekk i 1683 den nye brukaren i Døsen, Christen Pedersen, kongeskjøte på ”grd. Døsen i Faaberg av skyld ½ hud”, og var dermed ikkje berre brukar, men og eigar av garden. – Ti år seinare er det i 1693 fortalt at grd. Døsen da hørde med i 3. soldatlegd i Fåberg i saman med Hattestad, Kindlien, Rønne, Furu, Borud, Boleng, Mellum og Bratberg, og at det da ver rulleført 3 stridsdyktige soldatemne frå Døsen, nemleg: a. Christen Pedersen, gaardsbunden, 33 år, b. Tosten Engebretsen, tienestedreng, 15 år, c. Ole Amundsen, husmann, 33 år. Etter atter ein liten mannsalder fekk i 1720 same Peder Jensen bevillingsseddel frå fogden på ”Døesen sæter i almindingen” med rett til seterslått av 1 lass høy.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om ”Døesen” fortalt at garden ligg i sollia, men at den er tungbrukt, og at jordarten der er ”maadelig, dog noget koldlent”. Buskapen i Døsen var da: 2 hestar, 15 naut, 10 sauer og 8 geiter, og den årlege utsæd utgjorde da 3 ½ tønner bygg. Ein merker seg elles at garden da hadde eiga kvern, sikkert i Døselva, som renn like forbi. Vidare hadde det da atter vore brukarskifte, og den nye oppsittaren på garden heitte Ole Larsen Døsen. Av ei synfaring og takst i Døsen i 1732 går det elles fram at egentleg var det slik at enka Berte Engebretsdtr. ”med sin eneste søn Lars Olsen da brukte garden. – Da enka Berte Døsen i 1752 gav kjøte til sonen Lars Olsen Døsen, var landskylda av garden høgda til 10 skinn, og kjøpesummen for grd. Døsen var 200 rd. + føderåd til mora. – Av ei sak frå 1748 går det elles fram at Lars Olsen Døsen da fekk bevillingsseddel frå fogden på bruken av ”den halve del i Siøens Fiskevand med tilliggende Oser.” ”Siøren(s) Fiskevand” var i den tid iallfall i skrift eit ofte brukt namn og Sjogen eller Sjogvatnet.

Brukaren Lars Olsen hadde så garden til i 1764, da han skjøta ”gaarden Døsen i Faaberg prestegjeld til Amund Bentsen og hans arvinger for sum 950 rd”, og med den nye eigaren kom ein ny drivande og dugande brukar til Døsen.

Amund Bentsen, hadde i 1748 gifta seg med Beret Christophersdtr. frå øvre Dahl og dei var først brukarfolk i Øfstedal, så i Lien i Saksumdalen og så i Døsen. Dei hadde i alt 9 born: Det var: a. Christopher f. 1749 i Øfstedal, b. Bent f. 1751 i Øfstedal, c. Ole f. 1754 i Lien, d. Marit f. 1756 i Lien, e. Sidsel f. 1760 i Lien, f. Anne f. 1763 i Lien, g. Anders f. 1766 i Døsen, h. Marte f. 1770 i Døsen, i. Amund d. 1773 i Døsen. Men nett same året, altså i 1773, døde og faren Amund Bentsen, og det var da atter arveskifte i Døsen. Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, grd. Døsen av skyld 10 skinn taksert for 950 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1203 rd. og netto 935 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Beret Christophersdtr. dei ovanfor nemnde borna i ekteskapet.

Den 19. juni 1780 gav så enka Beret Christophersdtr. med lagverge Anders Øfstedal kjøte til eldste sonen Christopher Amundsen på ”hennes eiende gård Døsen av skyld 10 skind beliggende i Faabergs prestegjeld samt alt hennes løsøre undtagen ogen ting som hun behøver for sum 1230 rd. mot at han svarer henne årlig føderåd.”

Christopher Amundsen Døsen, som dermed tok over som eigar og brukar, hadde i 1778 gifta seg med Eli Olsdtr. Hof, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born, nemleg: 1. Beret f. 1781, 2. Ole f. 1782, 3. Amund f. 1787, som skulle bli bestefar til misjonær Lars Skrefsrud. Men alt 4 år seinare 1791 døde husfrua Eli Olsdtr. i barnseng, og barnet var og dødfødt. Ved det skiftet som var i samband med dødsfallet, vart grd. Døsen taksert til 800 rd. og arvebuet utgjorde netto 1323 rd.

I 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 3 familiar i og/eller ved Døsen. Dei var:
 1.familie: 1. Christopher Amundsen, husbonden, 52 år, 2. Eli Torgersdtr., kona hans, 57 år, 3. Ole Christophersen, son til husbonden, 19 år, 4. Amund Christophersen, son til husbonden, 14 år, 5. Amund Amundsen, tenestkar, 28 år, 6. Martha Amundsdr., tenestkvinne, 31 år, 7. Marit Bentsdtr., tenestkvinne, 19 år, 8. Beret Christophersdtr., mor til husbonden, føderådskone, 72 år, 9. Beret Bentsen, legdslem, 78 år.

2.familie: 1. Nils Baardsen, husmann med jord, 43 år, 2. Ragnild Johansdtr., kona hans, 45 år, 3. Johannes, son deres 14 år, 4. Peder, son deres, 12 år, 5. Anne dotter deres, 6 år, 6. Marit, dotter deres, 3 år.

3.familie: 1. Peder Larsen, husmann med jord, 39 år, 2. Kari Christophersdtr., kona hans, 33 år, 3. Lars, son deres, 9 år, 4. Christopher, son deres, 5 år, 5. Ole, son deres, 2 år, 6. Anne, dotter deres, 7 år, 7. Mari Christophersdtr., ”Inderste og gaaer i Dagleie”.

Året etter, altså i 1802, skjøta så faren Christopher Amundsen grd. Døsen, framleis av skyld 10 skinn over til sonen Ole Christophersen, for kjøpesum 1190 rd. og føderåd.

Frå to år seinare er ei delekontrakt av 1804 som vedkom mange av Vingromgardane, og som etter utskrift av tingboka er bokført slik:

”Døsen.

Delekontrakt Dat. 1804, juli 4. Tgl. 1804, oktbr. 1. Vi undertegnede opsidere af Gaardene Døsen, Hattestad, Fryjordet paa den ene side, og vi Opsidere af Ovren, Gilberg, begge Rindahl, Moe, og Rinden samt Kolloruud paa den anden Side, gjør hermed bekjendt at have indgaaet med hverandre følgende Deele Contract som skal indeholde skielne Linien imellem Wulluen kaldet, disse sidste Opsideres Gaarder tilhørende, og den første gaards Ejendele nordenfor denne Stilli paa vestre siden af Rinden Elv saaledes at være fastsadt: (Paa) et Berg liggende ved vestre Breed af Rinden Elv ved nordre Ende af Norderste Skugrud teig (er) merket M.S.T. Derfra opefter følges Bækken som rinder ved denne 1. Sten eller Berg ner i Rinden til en steen mærket med same Bogstaver liggende i nordre og vestre Kandt paa en Myr norden og neden Sætteren Stillen, derfra sten til sten opmerket med samme Mærke opefter til en Stoer Sten med samme Bogstaver liggende på Østen side, sørlig paa Morgenbeitmyren kaldet, dette skal være deele Puncterne imellem disse tvende Parters, saaledes at de første Gaarde bliver Ejende paa nordre Side til Storbækken op til Morgenbeitmyhren og de andre paa søndre side af denne Linie fra sidste ommeldte Punct til Krigskampstøet kaldet: også Kolloruudlotten eller Dypdalsbækken.

Gilleberg den 4de Juli 1804.

Christopher Døsen?, Joen Fryjordet, Joen Hattestad, Ole Ovren, Even Gilleberg, Joen Rindahl, Ole Moe, Cristen Rinden.”

Det ser helst ut til at det nok var Christopher Døsen som skreiv denne kontrakten. Det nå lite brukte ordet Vullu, tyder vel helst ulendt, vanskeleg lende.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Døsen oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var: 3 hestar og 18 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 60 tønner. Vidare er det og oppgitt at det til Døsen framleis hørde 2 husmannsplassar. – Av ei anna sak frå nett same året, altså 1819, går det og fram at Ole Christophersen Døsen da hadde eit sagbruk. Døsen Sag, der det da var synfaring og takstforretning. Saga låg sikkert ved Døselva, som renn like forbi garden, og der det ved elva framleis er ein stad som blir kalla Sagflata.

Plassen Låvsvea under Døsen er nemnt i 1826. Husbonden i Låvsveen Jon Christensen var da død, og det var skifte visst – heime i Låvsveen. Ved dette skiftet utgjorde skiftebuet, truleg utan jordegods, brutto 235 rd. og netto 207 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Ingri Larsdtr. 6 av søskena til den avdøde Jon Cristensen. Desse 6 søskena var: 1. søster Ragnild Oudenhuus, enke, 2. søster Ingeborg ved Bye i Ringsaker, enke, 3. Søster Mari ved Oudenhuus, umyndig, 4. søster Rønnaug ved Gilberg, umyndig, 5. halvbror Christen Olsen ved Qval, myndig, 6. halvsøster Sidsel Christensdtr.

Ole Christophersen Døsen, som i denne tid var eigar og brukar av garden, hadde i 1804 gifta seg med Marthe Olsdtr. Hauger, og dei fekk 7 born, nemleg:

1. Christopher f. 1805, 2. Ole f. 1807, 3. Anders f. 1810, 4. Christine f. 1816, 5 og 6 tvillingane Eli og Marthe f. 1820, men som berre Eli levde opp av.
7. Mathias f. 1823.

Faren Ole Christophersen brukte så ættegarden Døsen til i 1834, da han skjøta Døsen framleis av skyld 10 skinn over til eldstesonen Christopher Døsen f. 1805, som samtidig lånte 400 spd. av faren og to av brørne sine mot pant i garden.

Christopher Olsen Døsen f. 1805 gifta seg ved det store dobbeltbryluppet i Kinnlien i 1831 med dottera der, Sønnøve Olsdtr. Kinnlien, og dei fekk i sitt ekteskap desse borna: 1. Mathias f. 1831, 2. Olea f. 1835, 3. Sidsel f. 1838, 4. Kristine f. 1840, 5. Ole f. 1842, 6. Kristine f. 1844, 7. Eli f. 1847, Mina f. 1849. Fleire av dei som her er nemnde stod ved konfirmasjonen som nr. 1 på kyrkjegolvet, og det var truleg d e t som gjorde at folk tok til å tala om at borna av denne ætta hadde ”Døshugu”.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifte ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Garden Døsen fekk da som si nye matrikkelskyld: 8 skylddalar 2 ort 17 skilling, og det var i den tid altså framleis Christopher Døsen f. 1805 som var eigar og brukar i Døsen.

Christopher Døsen f. 1805 var framleis oppsittar på garden også i 1848. Han lånte da 400 rd. av Christian Bolung og Peder Hoff mot 1. pr. pant i garden. Ein del av desse pengane skulle sikkert brukast til nybygging og restaurering av husa i Døsen. Kring 1860 ser det elles ut til at Christopher Døsen måtte oppta fleire og større lån. Og den 8. mai 1863 skjøta så Christopher Døsen ættegarden over til sonen Ole Christophersen Døsen f. 1842. Kjøpesummen for garden var da 1700 spd. og føderåd verdsett til 250 spd.

Den nye brukar, Ole Døsen f. 1842, gifta seg i 1863 med Berte Pedersdtr. midtre Hov f. 1837, og dei 5 borna deira var: a. Kristofer f. 1864, b. Peder Hoff, c. Ketil Kalf. f. 1869, d. Sigrid Kristine, som gjekk lærarskulen og ei tid var lærarinne i Fåberg, men seinare reiste til Amerika og der vart gift med Hans Jørstad, e. Martin f. 1875, som serleg skulle bli kjend som styrar av Akershus Landbruksskole på Hvam.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Det er det om Døsen vidare fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 454 mål, og av dette var 87 mål av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at buskapan på sjølve garden Døsen da var: 3 hestar, 8 storfe og 15 småfe, men dertil var krøterhaldet på plassane under Døsen tilsm. 12 storfe og 48 småfe. Ført

på same måten var utsæden på sjølve garden Døsen: 8 ½ tønne korn og 24 tønner settepoteter, men dertil var utsæden på plassane ved garden: 4½ tønne korn og 12½ tønne settepoteter.

Fire år seinare var det i 1869 fleire skyldsetningsforretningar i Døsen, og i alt 4 parsellar av garden vart unnaselt. Det galdt: 1. Nydøssetra, som Ole Døsen da selde til Ole Pedersen Hoff, for kjøpesum 200 spd., b. Døsen øvre, som Ole Døsen selde til lærar Bernt Ovren for 600 spd., c. skog av skyld 1 ort 13 skl., som Ole Døsen selde til Johan Eriksen Fryjordet for 100 spd., d. husmannsplassen Rugsveen, som Ole Døsen selde til Simen Olsen Rugsveen for kjøpesum 100 spd. – Etter nye 4 år var det i 1873 atter skyldsetningsforretning i Døsen, og desse parsellane vart fråskilt og selde: e. skogen Døslien med husmannsplassane Låvsveen og øvre Bratlien til trelasthandlar M. Gustum for kjøpesum 2 600 spd. Vidare selde i 1878 Ole Døsen til M. Gustum og Jacob Woxen parsellen f. Døsen m/nedre Bratlien for kr 1 200,- og året etter parsellen g. bruket Døsløkken til svogeren Mathias Johansen for kr. 500,- og parsellen h. Engemyra for kjøpesum kr. 800,-. Endeleg selde i 1882 lærar B.A. Ovren parsellen i. bruket Rønningen til Ole Børresen Rønningen for kjøpesum kr. 1 000,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og –øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Døsen fekk da som sitt nye gardsnr. nr. 19 av samla skyld 13,46 mark, og det var da i alt 13 bruksnummer under gardsnummer 19 Døsen. Dei 13 bruksnr. var: Gnr. 19 brn. 1 Døsen av skyld 3,09 mark med Ole Kristoffersen Døsen som eigar ell. brukar, brn. 2 Nydøssetra, skyld 1,22 mark, med Ole P. Hov som eigar ell. brukar, brn. 3 Døsen øvre av skyld 3,73 mark, som lærar B.A. Ovren framleis var brukar ell. eigar av, brn. 4 Skog i Stillien, skyld 0,51 mark, som Johan E. Fryjordet hadde, brn. 5. Rugsveen, skyld 0,14 mark, som Simen Olsen framleis hadde, brn. 6 Skog med husmannsplasser, skyld 2,78, som tilhørde Jacob Woxen og Math. Gustum, brn. 7 Sameieskogstykke, brn. 8 Bratlien Nedre, brn. 9 Sameieskogstykke, som Jacob Woxen og Math. Gustum og framleis åtte, brn. 10 Døsløkken av skyld 0,24 mark, der Mathias Døsløkken framleis var oppsittar, brn 11 Engemyra, skyld 0,13 mark, som Iver Mathiassen Mæhlum hadde overtatt, brn.12. Skjørperud, skyld 0,04 som Kristoffer Asbjørnsen var eigar ell. brukar av brn. 13 Rønningen, skyld 0,53, som framleis tilhørde Ole Børresen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at Thomas H. Jørstad da hadde overtatt brn. 1 Døsen nedre, og Ole Brandser hadde overtatt brn. 3 Døsen øvre, vidare hadde Thomas H. Jørstad kjøpt tilbake brn. 11 Engemyra, Johan P. Hattestad hadde kjøpt brn. 12 Skjørperud, og brn. 13 Rønningen var overtatt av Johan J. Brennum.

Lærar B. A. Ovren hadde da overtatt lærarposten i Vingrom og var flytta til Lekshus, men skulen i Døsgrenda hadde framleis leigde lokaler i Døsen, til Fåberg kommune i 1914 kjøpte nedre Døsa til skulegard.

Etter dette var det ved kommunevalet i 1907 tolv personar med røysterett i og/eller ved Døsen. Dei var: 1. Kontrollør Thomas H. Jørstad, 59 år, 2. husmor Agnethe Jørstad, 3. treskjærar Ole T. Jørstad, 4. gardbr. Ole Brandser, øvre Døsen, 52 år, 5. husmor Marit Brandser, 46 år, 6. gardbr. Mathias J. Døsløkken, 62 år, 7. husmann Johan J. Bratlien, 80 år, 8. gardbr. Kristian S. Rugsveen, 47 år, 9. husmor Eli Rugsveen, 50 år, 10. føderådsmann, Simen Rugsveen, 70 år.

Kontrollør Thomas H. Jørstad, som da hadde tatt over som eigar og brukar av nedre Døsen var frå Nordgarden Jørstad og hadde i tidsrommet 1880-1889 i tre perioder vore

stortingsmann. Thomas H. Jørstad, som var født i 1848, var gift med Agnethe Olsdr. Tråset, og dei hadde 12 born. Dei var: a. Ole f. 1872, b. Ivar f. 1873, c. Ingeborg f. 1874, g.m. kyrkjesangar Ingemar Schiefloe f. 1866 i Skogn, d. Liv, diakonisse, f. 1876, e. Andreas f. 1878, forstmann, f. Gudrun f. 1879, husstellærarinne, g. Holm f. 1881, forstmann, h. Ragnhild f. 1883, g.m. Johan Fryjordet f. 1883, i. Trygve f. 1885, j. Aaslaug f. 1887, k. Sigrid f. 1889, l. Hildegunn f. 1892. Av desse var dei 11 eldste født i Nordgarden Jørstad, og Hildegunn var født i Døsen.

Ole og Marit Brandsar, som i 1907 hadde tatt over som brukarfolk i øvre Døsen, hadde 9 born. Dei var: a. Kristen f. 1886, b. Mari f. 1888, g.m. lærar Olav Nyjordet f. 1883 i Lom, c. Marit f. 1890, g.m. fabrikkengar Olaf Kristiansen, Lillestrøm, d. Anne f. 1893, e. Kari f. 1895, f. Olav Brandsar f. 1897, g.m. Laura Bådshaug, g. Petra Margrete, f. 1899, g.m. gardbr. Halfred Melbø, Gausdal, h. Per Brandsar, f. 1900, lærar, g.m. lærarinne Bergliot Andersen f. 1900, i. Ragnhild f. 1905, g. 1934 m. Einar Laderud f. 1904.

Tilslutt tek vi her med at ved jordbruksregistreringa av 1939 var det under grn. 19 Døsen 7 bruk med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 7 bruk var: a. Grn. 19 brn. 1 Døsen nedre med eit jordbr.areal på ca. 30 mål, som Fåberg kommune altså var eigar av, og som P.O. Brandser var brukar av, b. grn. 19, 20, 27, brn. 3, 4, 9 Døsen øvre med eit jordbruksareal på ca. 90 mål, som Ola Brandser framleis var eigar og brukar av, c. grn. 19, 20, brn. 5, 16, 10 Rugsveen, jordbr.areal ca. 100 mål, som Harald Rugsveen var eigar og brukar av, d. grn. 19, 27 brn. 10, 10 Døsløkken, som Kari Døsløkken da var eigar av, men Stener Husom var brukar av, e. grn. 19 brn. 13 Døsrønningen, jordbr.areal ca. 20 mål, som Johan Døsrønningen var eigar av og Per Døsrønningen da var brukar av, f. grn. 19 brn. 14 Nordvang som lærar Olav Nyjordet var eigar av og Olav Brandser var brukar av, g. grn. 19 brn. 15 Nyseth med eit jordbruksareal på ca. 35 mål, som Ludvig Hagen var eigar og brukar av.